

PLAN FOR 2018-2021
IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV



Leikande · levande · veksande



Leikande – Levande – Veksande

«kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026».

Forord

Surnadal kommune skal vere ein god kommune å vekse opp og bu i. For at kommunen skal vere attraktiv og framtidssretta, er det viktig å legge til rette for trivsel og gode levekår. Eitt av fleire verkemiddel er lett tilgjengelege gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg.

Formannskapet vedtok i møte 07.06.2016 å rullere temaplanen for idrett og fysisk aktivitet. I arbeidsgruppa satt Jon Nordvik (leiar), Ella Bolme (leiar i Idrettsrådet), Øystein Hjelle Bondhus (Surnadal Idrettslag), Bård Andreassen (leiar i Surnadal jeger- og fiskerforening) og Lilli Husby (einingsleiar kultur). Råg Ranes (plansjef) er sekretær i gruppa. På grunn av at planen er forsinka, har det vorte endringar i arbeidsgruppa; Helge Røv er valt til vara som leiar av gruppa, Geir Forbregd kom inn som ny leiar i leiar i Idrettsrådet og Ove Magne Aasen kom inn som nyvalt leiar i Surnadal jeger- og fiskerforening. Endringar i administrasjonen har ført til at Råg Ranes fungerer som rådgjevar og Lilli Husby er sekretær i gruppa. Øystein Hjelle Bondhus frå Surnadal IL fortsett som før.

Arbeidsgruppa har til saman hatt 7 møte. I tillegg vart det gjennomført eit folkemøte måndag 04.10.16, der representantar frå Idrettskretsen leia ein planprosess. Resultata frå den prosessen er opp-summert i dette dokumentet.

Vi i arbeidsgruppa håpar at både politikarar og interesseorganisasjonar og enkeltpersonar finn planen enkel å lese i, som oppslagsverk. Vi meiner òg at den skal fungere som eit godt arbeidsreiskap for administrasjonen.

For arbeidsgruppa i juni 2018

Helge Røv

Leiar

Innhald

Forord	2
Innhald	3
1 Statleg formål.....	5
1.1 Formål med planen	5
2 Innleiing og bakgrunn for planen.....	5
2.1 Sentrale føringar.....	6
2.2 Regionale føringar	7
2.3 Lokale føringar innanfor planområdet.....	8
3 Resultatvurdering av førre plan	10
3.1 Resultat av tiltak frå handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og friluftsliv	10
3.1.1 Informasjon.....	11
3.1.2 Barnehage/skole.....	12
3.1.3 Friluftsliv	12
3.1.4 Helse	13
3.1.5 Idrett	14
3.1.6 Konklusjon.....	15
3.2 Resultat av tiltak frå handlingsprogrammet for ordinære anlegg (prioritert liste i periodestarten)	16
3.3 Ordinære anlegg uprioritert liste i periodestarten.	18
3.4 Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2012 - 2015	18
3.5 Kulturbygg i perioden 2012 – 2015.....	19
4 Økonomisk resultatvurdering.....	20
4.1 Kommunale tilskot og spelemiddeltildelingar i planperioden.....	20
4.2 Tildelte spelemidlar, ordinære- og nærmiljøanlegg i planperioden.....	21
4.3 Søknader for 2018	21
4.4 Konklusjon.....	21
5 Evaluering av planen som administrativt og politisk styringsreiskap	22
6 Planprosessen.....	23
6.1 Rapport frå planprosessen i Surnadal kommune:.....	23
6.2 Revidering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.....	23
6.3 Krav som må vera oppfylt ved søknad om spelemidlar.....	23

Surnadal – Norges beste idrettskommune?	23
6.4 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.....	24
6.5 Forslag til handlingsplan frå folkemøte.....	25
7 Status og vurdering	26
7.1 Nedre Surnadal	26
7.2 Øvre Surnadal	28
7.3 Bøfjorden	28
7.4 Bøverfjorden	29
7.5 Stangvik/Kvanne.....	30
7.6 Totalen	31
8 Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov	32
8.1 Demografi.....	32
8.2 Trendar	32
8.3 Aktivitetsarenaer	33
8.4 Langsiktige og kortsiktige behov oppsummert	34
9 Handlingsprogram	35
9.1 Tabell: ordinære anlegg i prioritert rekkefølge.....	35
9.2 Tabell: Nærmiljøanlegg	35
9.3 Tabell: fysisk aktivitet.....	36
9.4 Tabell: kulturbygg	37
10 Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg	37
11 Kart	38
11.1 Totaloversikt	38
11.2 Nedre Surnadal	39
11.3 Øvre Surnadal	39
11.4 Bøfjorden	40
11.5 Bøverfjorden	41
11.7 Stangvik/Kvanne.....	42
11.8 Totalen	43

7 Statleg formål

«Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet»

«Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet.» I det samfunnsmessige helseperspektivet er fysisk aktivitet og idrett er eit viktig førebyggjande tiltak.

På det personlege planet gir fysisk aktivitet den enkelte positive opplevingar, betre helse og auka trivsel. Mange er svært aktive, men mange er også svært inaktive. Spriket i aktivitetsnivå i befolkninga ser ut til å tilta. I den samanhengen er det viktig at det offentlege engasjerer seg og har ei meining om korleis flest muleg kan bli meir fysisk aktive.

1.1 Formål med planen

Planen er meint å gi kommunen, fylkeskommunen og kulturdepartementet (KUD) ei reell oversikt over anleggsbehovet og bidra til å sikre ei anleggsutvikling i tråd med behova i kommunen. Den skal også bidra til å sikre eit betre grunnlag for å prioritere bruken av spelemidlane.

Ved sida av å vere eit styringsreiskap for politikarane skal planen brukast i administrasjonen sitt daglege arbeid med å fremje fysisk aktivitet gjennom idrett og friluftsliv.

2 Innleiing og bakgrunn for planen

Den skal innehalde eit fireårig prioritert handlingsprogram som kan framskrivast/reviderast kvart år i samsvar med framdrifta. Handlingsprogrammet blir rullert når det er behov for endring i prioriteringane i tabell: 9.1 Ordinære anlegg, tabell: 9.2 Nærmiljø, eller tabell: 9.4 Kulturbygg.

Ei slik revidering kan skje i formannskapet. Plandokumentet skal vere uendra i 4-årsperioden. Feltet skal underleggjast ein hovudrevisjon med vedtak av ny plan kvar valperiode. Da må planen vedtakast i kommunestyret.

Plan for idrett og friluftsliv skal bidra til:

- målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- å vere grunnlag og bakgrunnsdokumentasjon for søknader om spelemidlar til idretts - og nærmiljø - og friluftslivsanelegg
- samordning og koordinering innan idrett, friluftsliv, skule og barnehage

Meld. St. 26 (2011–2012) DEN NORSKE IDRETTSMODELLEN «...Tre kriterier: godkjent søknadssum, antall innbyggere og anleggsfordeling».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-26-20112012/id684356/?q=&ch=6>

Kulturdepartementet har sett opp ei rekke krav som ei kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet bør innehalde:

- Målsetting for kommunens satsing på idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.

- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt.
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planer i kommunen.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.
- Lokaliseringa av eksisterande og planlagde anlegg, områder for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde bør gå fram av relevante kart.

Denne planen er bygd opp for å svare på dei statlege krava til *Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv*.

2.1 Sentrale føringar

Utforminga av staten sin politikk på feltet idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, er fordelt på tre departement:

- Kulturdepartementet har ansvar for utforming av politikk på idrettsområdet.
- Klima- og miljøverndepartementet har ansvar for utforminga av politikk på friluftsområdet.
- Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for utforming av politikken for helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Mål og rammer for den statlege politikken blir formidla gjennom ulike meldingar, retningslinjer, rundskriv, vilkår for tilskotsordningar m.v. Stortingsmelding 26 (2011–2012), «Den norske idrettsmodellen» slår fast at staten gjennom idrettspolitikken har eit særleg ansvar for målgruppene barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.

Meld. St. 26 (2011–2012) - Den norske idrettsmodellen

«Statens overordnede mål med idrettspolitikken kan sammenfattes i visjonen idrett og fysisk aktivitet for alle. Dette er en videreføring av tidligere mål.

Den viktigste forutsetningen for dette er økt satsing på anlegg for idrett og egenorganisert fysisk aktivitet, herunder friluftsliv. Regjeringen vil legge til rette for en videreutvikling av det beste ved den norske idrettsmodellen. Det innebærer at det skal være et aktivitetstilbud innenfor den organiserte idretten for alle, både de som ønsker å prestere på idrettsbanen og de som primært ønsker å være fysisk aktiv innenfor verdifulle sosiale fellesskap».

[Meld.st.26 \(2011-2012\)](#)

Meld. St. 18 (2015–2016) - Friluftsliv Natur som kilde til helse og livskvalitet

«Gjennom meldingen vil regjeringen bidra til at enda flere driver med friluftsliv, og får oppleve friluftsliv som en kilde til bedre helse og høyere livskvalitet. Meldingen omfatter tiltak og føringer innenfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innenfor forvaltning av områder for friluftsliv. Regjeringen vil prioritere friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Meldingen inneholder også blant annet tiltak og føringer for å ivareta arealer for friluftsliv i fjellområder med stort utbyggingspress».

[Meld. St. 18 \(2015 – 2016\)](#)

Universell utforming

I 2004 kom Regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne. Dette er følgd opp med «Handlingsplan –Norge universelt utformet 2025» (2009).

Veileder - Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg (V-0511) 15.08.2014

«Regjeringen presenterer sin visjon om at Norge skal være universelt utformet innen 2025 gjennom handlingsplanen Norge universelt utformet 2025. Dette er et overordnet dokument som er retningsgivende for tiltak også innenfor idrettsområdet. Det foreligger også nye lover som gir føringer for utforming av anlegg, særlig Likestillings- og diskrimineringsloven som trådte i kraft fra 1. januar 2009, og ny Plan- og bygningslov med tilhørende forskrifter som trådte i kraft fra 1. juli 2010. Veilederen gir praktiske råd for planlegging og bygging av idrettsanlegg for å følge opp regjeringens visjon og gjeldende lover».

[Veileder – universell utforming](#)

2.2 Regionale føringer

I Fylkesplanen for Møre og Romsdal 2017 – 2020, under innsatsområde 5 kultur finn vi dette om folkehelse og fysisk aktivitet: «Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer i lokalsamfunna der vi lever våre liv, og legg grunnlaget for helsa vår. Deltaking i sosiale fellesskap, gode moglegheiter for fysisk aktivitet i nærmiljøet og sunt kosthald er viktige faktorar som påverkar helsetilstanden.

Idrett og friluftsliv er viktig for mange av innbyggjarane sin livskvalitet. Møre og Romsdal har eit mangfald av idrettsanlegg og ei idrettsrørsle som er god både i topp og i breidde. Friluftslivet er i sterk vekst, særleg friluftslivet i nærleiken av der folk bur».

Frå kulturområdet sitt handlingsprogram for 2016:

«Resultatmål 3: Det skal leggjast til rette for eit inkluderande mangfald av organisert og uorganisert aktivitet, gjennom eigna kultur- og idrettsbygg, møtestadar og tilgjenge til friluftslivsaktivitetar.

Aktivitetsprofilen i befolkninga er i stadig endring, og det er derfor viktig å tenkje nytt og ut i frå dei reelle behova i befolkninga. Undersøkingar syner at det er behov for fleire møteplassar for uorganisert aktivitet, samt betra tilrettelegging for dei som i dag er lite aktive. I folkehelselova (2010) har fylkeskommunen fått eit tydeleg ansvar for å vere ein regional pådrivar og utviklar på folkehelseområdet.

Korleis vi prioriterer utviklinga av anlegg og møteplassar vil få store konsekvensar for helsa til innbyggjarane på lang sikt.

Innsatsområde 1: Utvikle tenlege anlegg og kulturbygg

Innsatsområde 2: Kartlegging, merking, gradering, marknadsføring og utbetring av friluftslivet sin infrastruktur».

2.3 Lokale føringar innanfor planområdet

Arealplanen sin samfunnsdel har seks gjennomgåande tema; barn og unge, universell utforming, folkehelse, likestilling og inkludering, samfunnssikkerheit og beredskap og miljø og klima.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026

Vedteke 20.06.2014 samanfattar kommunen sin idretts og friluftspolitikk med ein del konkrete mål og strategiar:

God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

Satsingsområde 7: Folkehelse og levekår

Mål: «God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar».

Strategi: «Auke forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og godt kosthald i det helsefremjande arbeidet. Innarbeide tiltak for å førebygge og behandle overvekt blant barn og unge».

Satsingsområde 8: Kultur – omdømme – identitet

Mål: "Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfald, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte – og for kvarandre – der kulturlivet skal vere ei drivkraft i forminga av vår identitet og vårt omdømme".

Strategiar:

«Bli blant dei fremste og mest kjente i Midt-Norge innanfor friluftsliv, og til å legge til rette for aktivitetar i tilknytning til det».

Kommunen skal saman med idretten vere med på å utvikle gode anlegg. Det er viktig å ta vare på den store aktiviteten både innanfor sommar- og vinteridrettane.

Legge til rette for at skular, lag og andre er merksame på mulegheitene innanfor spelemiddelordninga for å skape fleire nærmiljøanlegg. Dette er viktig for å få til ein aktiv livsstil for så mange som muleg.

BARN OG UNGE

MÅL:

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

Strategiar innanfor områda «barn og unge sine oppvekstvilkår» og «Folkehelse og levekår»:

Legge til rette for at skular, lag og andre er merksame på mulegheitene innanfor spelemiddelordninga for å skape fleire nærmiljøanlegg. Dette er viktig for å få til ein aktiv livsstil for så mange som muleg.

Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge: skøyteis, akebakkar, snøskutertrasé, ballspelplassar, hestesport, alpinbakke, m.m.

Ein må særleg ha fokus på arenaer for jenter.

Gjennom eit aktiv ungdomsråd, lære ungdom å ta ansvar for å oppretthalde sin eigen aktivitet og styrke barn og unge sin identitet, medverknad og innflytelse i samfunnet.

Samordna innsats mot vald, mobbing, kriminalitet, rus og rasisme gjennom samarbeid med politiet og kommunale instansar, frivillige lag- og organisasjonar, og nedfelle rutinar med omsyn til samarbeid.

- tverrfaglege samarbeidsgrupper.
- foreldrenettverk mot rus.

Sikre lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar.

Kommunen skal legge til rette for at spesielt barn og unge skal få utvikle sine kulturinteresser gjennom mellom anna gjennom kulturskolen.

FRIVILLIGE

MÅL:

Kommunen skal vere med på å støtte og utvikle lag- og organisasjonslivet og det frivillige arbeidet i kommunen på ein meir aktiv måte enn før, slik at den store innsatsen både vil halde fram og fornye seg.

Strategiar:

Kommunen skal, gjennom samarbeid og eiga satsing, bli mellom dei fremste og mest kjente i Midt-Norge innan friluftsliv og å legge til rette aktivitetar i tilknytning til det.

Det er stor aktivitet både innanfor sommar- og vinteridrettar i Surnadal kommune. Det er viktig å ta vare på denne aktiviteten, ikkje minst ved å vere med på å utvikle gode anlegg.

Vi må auke forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og godt kosthald i det helsefremjande arbeidet, ikkje minst blant dei eldre.

Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge. Særleg må ein ha fokus på uorganisert ungdom.

Fortsette «StikkUT!!»-satsinga og utvikle fleire aktivitetstiltak saman med Friluftsrådet.

Etablere ein frivilligsentral, i eit «all-hus» der ein har frivilligsentral, ungdomsbaser, fritidsklubb og ungdomskafé.

Fokus på merking av turstiar i nærområda

Oppretthalde og vidareutvikle eit aktivt kulturliv, gjennom mellom anna å synleggjere og styrke samhandlinga mellom frivillig sektor og kommunen.

Ha føreseielege verkemiddel som kommunale tilskotsordningar og rettleiing ved søking av midlar utom kommunen.

Det må derfor utviklast ein meir offensiv og medviten frivillig-politikk, der samspelet mellom kommunal sektor, næringslivet og frivillige organisasjonar er sett i fokus.

Utvikle ein app, med fokus på alt av friluftsliv i Surnadal kommune.

I Surnadal kommune sitt planverk er det lagt vekt på kor viktig det er å styrke folkehelsa. Nasjonale føringar, folkehelselova og samhandlingsreforma forsterkar kor viktig det er å satse på fysisk aktivitet.

Kommunedelplan idrett og friluftsliv er tematisk, dvs. utan juridisk heimel når det gjeld å disponere areal. Det er derfor viktig at anlegg som er foreslått i denne planen blir fanga opp i kommuneplanen sin arealdel og/eller sikrast ved hjelp av reguleringsplanar.

Aktuelle lokale tiltak som går ut over anleggsbygging:

Sikre lågterskeltilbod til barn og unge.

Sikre tilpassa tilbod til dei med fysiske og psykiske vanskar.

Stimulere til å utvikle gode nærmiljøtilbod.

Merking og klopping av tur- og kulturminnestiar.

3 Resultatvurdering av førre plan

Ved revisjon av plan for idrett og fysisk aktivitet er det nødvendig å foreta ei resultatvurdering av den fireårsperioden som er tilbaketrukket. Dette som oppsummering av utviklinga i perioden. Vi vil gjere reie for kva som er gjennomført og for å drøfte om planen har fungert som politisk og administrativt styringsverktøy. Ved kvar revisjon skal det gjerast evaluering med ei kort beskriving om ein har greidd å oppnå måla og ei resultatvurdering av førre planperiode.

3.1 Resultat av tiltak frå handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og friluftsliv

Surnadal kommune har hatt ei satsing på friluftsliv i den siste perioden, samstundes har enkeltpersonar og frivillige organisasjonar stått i bresjen for eit større mangfald når det gjeld fysisk aktivitet. Mykje av den aktiviteten har etter kvart blitt ein del av tilbodet til Surnadal IL,

men framleis er det aktivitetar som er uorganisert, men legg til rette for deltaking av dei som er interessert. Kommunen har så langt som råd prøvd å vere fødselshjelper når det har vore behov for det, no sist, i budsjettsaka for 2018 – vart det vedteke at idrettshallen skal ha gratis leige for barn og unge, (tidlegare for barn og unge organisert i NIF).

Vurdering av mål i plan for Idrett og friluftsliv 2012 – 2015; 8 Handlingsprogram for fysisk aktivitet. Det overordna målet var å auke den fysiske aktiviteten i befolkninga. Dette såg vi for oss kunne gjerast med tiltak innanfor følgjande område:

Tilrettelegging av fysiske omgjevnader med vekt på tilgjengelegheit for alle

Bidra til at det finst lokale lågterskeltilbod og gode mulegheiter for fysisk aktivitet på fritida og på viktige arenaer som barnehage, skole og arbeidsplass.

Motivere til ein aktiv livsstil.

For å nå desse måla er det sett opp nokre tiltak under forskjellige område:


3.1.1 Informasjon

Strategi/vegval:

Aktuell informasjon og linkar om aktivitet og anlegg er tilgjengeleg på nett.

Informasjonstavler skal settast opp.

Tiltak	Kva har skjedd
Betre informasjon om friluftstilbod - (Lage oversikt over gang og turstiar, sykkelstiar og ridestiar på digitale kart. Info og beskriving av aktuelle turar på heimeside)	Morotur.no (sjå bilde), Stikk UT! (inkl. Stikk UT! ski), Skisporet.no og loyper.no. Bøfjorden IL, har eige karthefta over sine turar. På Vang er det sett opp informasjonstavle
Sykkelkart - For spesielle sykkelrundar	Ikkje gjort, men det ligg ei god beskriving av ein rundtur på Nordmarka på FjordNorway
Nytt skulekart på Øye Det har ikkje vore oppdatert sidan 1983	Det er ikkje trykt opp nytt orienteringskart på Øyeområdet



Kart henta frå morotur.no, tala viser kor mange merka turar det er i dei forskjellige turområda i Surnadal kommune.

Det har vore ei stor utvikling innan friluftslivet i Surnadal, etter at prosjektet «Friluftsliv i Surnadal» starta i første planperiode. Eit av tiltaka var å stimulere med midlar til lag og organisasjonar som registrerte turar i morotur.no og merking av stiar etter mal frå Gjensidigeprojektet «Nasjonale merking av stiar». Som ein kan sjå under kapitelet om «Status og vurdering», så er det i tillegg mange turar som ikkje er lagt inn morotur.no, dei fleste er merka og har grunneigaravtalar.

På sykkelområdet har vi ikkje fått gjort like mykje i denne perioden.

3.1.2 Barnehage/skole

Strategi/vegval:

Barehagar og skolar skal ha god tilgang til naturområde

Skolegardar skal utviklast til nærmiljøparkar

Elevane skal motiverast til fysisk aktivitet

Tiltak	Kva har skjedd
Bidra til god helse hos barna ved å leggje vekt på fysisk aktivitet i skuletida, og m.a. sikre at elevane har gode nærmiljøområder og får nytte Øye stadion	Barna i barnehagane og elevane på skulane er fysisk aktive m.a. gjennom uteleik, faste tur dagar, kroppsøving, fysisk aktivitet 5.-7.trinn og valfag på ungdomsteget. Det er laga ein plan for utforming av uteområdet kring alt. D1 på Øye skuleområde
Oppgradere og vedlikehalde uteområda på barnehagane og skulane jamleg	Det blir gjennomført årleg kontroll av leikeplassane av ekstern konsulent. Avvik blir utbetra i samarbeid med eigedomsavdelinga
Utvikle uteområda på oppvekstsentra og skulane ved gjennomføring av skulebruksplan	Stangvik skule har fått opparbeidd eit nytt uteområde i samband med ombygginga der. Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter fekk for nokre år sidan ny ballbinge. Ved Bøfjorden barnehage er det også opparbeidd ein ballbinge. I Totalen har dei hatt ballbinge i fleire år. Mo oppvekstsenter fekk utbetra ein del av uteområdet for nokre år sidan, men ønskjer seg nok ei oppgradering. Det er laga ein plan for utforming av uteområdet kring alt. D1 på Øye skuleområde. Når vedtaket om nytt skulebygg på Øye skuleområde er gjort, er det planen å få revidert skulebruksplanen og få inn barnehagane i same plan, med vekt på pedagogisk og fysisk tilpassing av barnehagane og skulane.
Auke bruken av anlegget på Øye skule vinterstid.	Anlegget på Øye er svært mykje bruka også vinterstid.

3.1.3 Friluftsliv

Strategi/vegval:

Kart og merking

Sikre god tilgang til friluftsliv arenaer

Fokus på tilgjengelighet for alle i friluftslivsområder (tilrettelegging for bevegelsehemma)

Tiltak	Kva har skjedd
Gaida turar	Dette blir gjort i dei enkelte idrettslag. Friluftslivets år 2015 vart markert med gaida tur kvar søndag i prosjektet 52/17 - Søndagsturen. Dette var eit samarbeid mellom kommunane, Halsa, Rindal og Surnadal og frivillige lag og organisasjonar og Norsk Vandrefestival
Tiltak i samband med løyperydding og merking	Prosjektet «Friluftsliv i Surnadal», har bidrege til å fordele verkemiddel til organisasjonar som legg inn turar på morotur.no og til nasjonal merking av turar i nærområdet. StikkUT! har vore ei bra drahjelp for dette i tillegg for å auke interessa for turar i naturen.
Oppkjøring av skiløyper	Ein køyrer no opp fleire løyper og traséar enn tidlegare. Det er to områder som bruker skisporet.no, i tillegg er det StikkUT! ski med sine kart på nett.
Utnytte konseptet «fjelltrimmen»	Dette blir gjort i enkelte idrettslag, i tillegg så har begge turistorganisasjonane i DNT fellesturar i fjellområda til Surnadal. Det er organisert Ordførartur, dei siste åra, der ordføraren inviterer med seg dei som vil, på ein trintur i eitt av friluftsområda i kommunen.

Strategi/vegval:

3.1.4 Helse

Arbeide for å auke forståinga i og utanfor kommunen om den økonomiske og helsemessige betydinga av å drive helsefremjande og førebyggjande arbeid

Tiltak	Kva har skjedd
Frisklivssentral - Familie og helse og Inn på tunet	Det var oppretta ein Frisklivssentral, men den vart nedlagt frå 1. jan 2017 i samband med budsjettprosessen des. 2016.
Sykeltrim - «God helse»	Vi er ikkje lenger med i «God helse»-prosjektet. Partnerskapsavtalen med fylket når det gjeld dette, vart oppsagt da folkehelsekoordinatorstillinga vart nedlagt i samband med busjettprosessen 2016
Stavganggruppa	Særdeles aktiv gjeng; Stavganggruppa har turar kvar veke frå vår til haust. Dette er ikkje organisert av kommunen
Seniordansen	Seniordansen er kvar tysdag på Kulturhuset. Denne er ikkje organisert av kommunen.

Hei stavgangarar i Surnadal!

Medan vi ventar på sesongstart er vi invitert kvar onsdag kl 11.00 til Trudvang for litt opptrening under leiing av fysioterapeut. Etterpå kan vi kjøpe kaffe og bakels!
Meir orientering på årsmøtet til pensjonistlaget.
Vel møtt onsdag 28.2.

Dataklubben

til pensjonistlaget har treff på biblioteket på Skei onsdag 28.2. til vanleg tid. Datainteresserte - gamle som nye - er velkomne!

Under arbeidet av denne planen, fredag 23. februar 2018, fann eg desse to annonsane side om side i lokalavisa Driva. Som vi ser så har Stavganggruppa utvida aktiviteten sin frå tidlegare, då dei møttest frå vår til haust og gjekk tur, til nå, med opptrening av fysioterapeut. I tillegg ser det ut til at dei tek vare på det sosiale på ein framifrå måte. Dataklubben er eit

anna viktig aspekt ved folkehelse; det gir kompetanseheving og meistring av den nye kvardagen vi alle har blitt kasta inn i gjennom meir og meir digitalisering av samfunn og tenester. Her står òg den sosiale møtestaden i høgt i kurs.

Strategi/vegval:

Sikre ei breidde på anleggsmassen som er tilpassa barn, unge og vaksne sine behov for aktivitet

Utvikle gode vilkår for å utøve idrett

Tiltak	Kva har skjedd
Legge til rette for større idrettsarrangement	Kommunen har vore behjelpelig nå Surnadal IL Langrenn har teke på seg store arrangement
Sikre vidare tilskot til drift av idrettslag	Surnadal kommune har framleis ein del kulturmidlar som blir bruka på Idretts- og skyttarlag. Det er Surnadal idrettsråd som fordeler midlane, som dei siste åra har ligge rundt 200 000 kroner
Auka næringslivsstøtte, også til dei mindre profilerte idrettane, eks skyttarmiljøet	Her er det laga som er aktive i dialog med næringslivet
Det må skapast entusiasme rundt frivillig arbeid	Surnadal idrettsråd har i fleire år hatt Idrettens kveld med prisutdelingar, det er no ei stund sidan sist
Kompetanseutvikling, utdanning og kurs i organisasjonsarbeid. Gjere frivillige betre rusta til å delta	Her er det laga som er aktive og får tilbod gjennom sine kretsorganisasjonar
Dyrke fram ressurspersonar. Ta vare på dei ein har og rekruttere nye	Legger til rette for oppstart av ny aktivitet, ved å ta nye initiativ på alvor og støtte ressurspersonane bak.
Skape trygghet og ikkje press når det gjeld verv	Oppfølging og rettleiing i samband med søknadar, har årleg møte med lag og organisasjonar.
Definere og konkretisere arbeidsoppgåver betre	Laga har arbeidd med å lage instruksar og arbeidsbeskriving for ulike verv (organisasjonsplaner)
Oppfordre til meir bruka av svømmehallen	Opningstidene ligg ute på heimesidene og det er ein del spesialtilbod på onsdagar
Onsdags-svømming med ekstra varmt vatn	Som over
Legge vekt på å gjere kjent ulike skogsvegar som er godt eigna til turbruk	Dette tiltaket er løyst gjennom merkinga i friluftslivsatsinga

3.1.6 Konklusjon

Når vi no går gjennom dei forskjellige tiltaka under resultat av tiltak frå handlingsprogrammet for fysisk aktivitet og friluftsliv, kan ein sjå at nokre av tiltaka kanskje er litt for detaljert. Noko er vanskeleg å ta tak i frå kommunal side, men kultureininga har i dei siste åra hatt eit årleg frivilligmøte der vi tek opp generelle tema av interesse for frivillige lag og organisasjonar, slik som informasjon om tilskotsordningar m.m.

Spørsmålet som krev svar her bør vere: Er befolkninga meir aktiv?

Svaret er eit klart ja. Dette kan vi sjå ut frå populariteten til StikkUT! og fjellturar generelt.

Om det betyr at vi har fått med oss fleire eller om det er dei aktive som har blitt meir aktive er vanskeleg å seie. Eg har møtt turgåarar frå begge leirar; folk som ikkje tidlegare visste kvar dei skulle gå, og som er blitt inspirert av StikkUT! og skisporet.no -konseptet og merking av vanskegraden. Og folk som uttalte i 2015: *«enda eit tiltak, dette rekk eg ikkje over, det er turorientering gjennom idrettslaget, postar som har bøker, StikkUT og no 52/17 Søndagsturen!»*

Vi registrerer at det er mange fleire som skriv seg i bøkene som ligg ute på trimpostane og det er ein del som nyttar den elektroniske StikkUT!-registreringa. Men vi bit oss merke i at til dømes på Svinvikrunden, er det langt fleire som skriv namnet sitt i boka, enn det som blir registrert elektronisk.

Surnadal IL melder at det er auke innanfor aktive medlemmer i idrettslag, dette til tross for at barnetalet i den siste planperioden har hatt ein nedgang. Så ein kan trygt seie at det er ei positivt utvikling i kommunen og innan lag og organisasjonar.

Folkehelse er ikkje eit tiltak ein blir ferdig med. Folkehelse er aktivitet, glede, trivsel, sosiale møteplassar, inkludering og sosiale treffstadar for barn, unge, vaksne og eldre. Folkehelse er ei investering som kommunen må ta seg råd til. Folkehelse er òg eit balansert liv med fokus på måtehald innanfor kosthald, rus og røyk. Folkehelse er ikkje minst fråvær av mobbing.

Det betyr at ein må vere aktiv i arbeidet med å gje tilbod som kan interessere og engasjere stadig nye grupper i samfunnet. Nyheitas glede med StikkUT! kan gå over – kva gjer vi da? Det er spørsmål som handlingsprogrammet for aktivitet framover må stille seg.

3.2 Resultat av tiltak frå handlingsprogrammet for ordinære anlegg (prioritert liste i periodestarten)

Anlegg:	Trollheimen Ridehall interkommunal	1
Stad	Nymoen - Surnadal	
Kost. 1000	6 093	
Søk. sum	2 900	
Ferdig	2013	
Resultat	Som fylket sitt første interkommunale anlegg vart midlane tildelt same år som det vart søkt.	
Anlegg:	Motocrossbanen (utviding/sikring)	2
Stad	Kvanne	
Kost. 1000	1 318	
Søk. sum	437	
Ferdig	2012	
Resultat	Ferdig og alt utbetalt i 2016	
Anlegg:	Øye Stadion (fotball og friidrett)	3
Stad	Surnadal	
Kost. 1000	6 417	
Søk. sum	3 200	
Ferdig	2009	
Resultat	Alt ferdig utbetalt i 2016 – vi legg merke til eit alt for langt etterslep frå godkjent søknad til utbetaling.	
Anlegg:	Smørebu/Idrettssenter	4
Stad	Nordmarka	
Kost. 1000	1 463	
Søk. sum	488	
Ferdig	2012	
Resultat	tildelt midlar i 2015	
Anlegg:	"Turprosjekt i Surnadal", forskjellige «anlegg» rundt i kommunen.	5
Stad	<ul style="list-style-type: none"> • Ski-/tur-trasé, Vang – Strengen (Kvanne) Turprosjekt Bøfjorden (Bøfjorden) • Stisystem i Svinvika (Nordvik) Kavlvæg/Kultursti (Åsen/Galtmettet) • Rehabsti ved Sjukeheimen (Bårdshaugen) KulTursti /Langhuskopi (Skei) 	
Kost. 1000	Vang/Strengen - 820	
Søk. sum	Vang/Strengen - 410	
Ferdig	Vang/Strengen - 2016	
Resultat	Vang/Strengen - tildelt midlar i 2017.	
Bøfjorden:	Det er tildelt midlar til merking og kart i Bøfjorden.	
Kavlvegen:	Midlar frå Riksantikvaren og fylket til forprosjekt i 2016/2017.	
Rehabsti;	ikkje prioritert på grunn av manglande personalressursar i administrasjonen til planlegging.	
KulturSti Skei;	Planlagt turløype med merking – ikkje søk spelemidlar til dette, Kopi av Langhus er førebels berre på idestadiet.	

Anlegg:	Snøkanonanlegg Sæterlia Alpinsenter	6
Stad	Surnadal	
Kost. 1000	21 000	
Søk. sum	02 – garasjeanlegg -967 01 – høyre trasé - 1 000 04 – midttrasé - 1000 05 – hovudrørtrasé - 1000 06 – park og skogsløype - 1000	Midlar tildelt i 2017
Ferdig	2014	
Resultat	07 – tidtakarbu/scootergarasje – 303 (Surnadal IL) ny søknad i 2017 Har fått tildelt midlar for 1 av 6 prosjekt i Sæterlia Alpinanlegg	
Anlegg:	Tjønnyra lysløype og skileik	7
Stad	Todalen	
Kost. 1000	908	
Søk. sum	454	
Ferdig	2014	
Resultat	tildelt 434 i 2014	
Anlegg:	Elektronikk 15m bane Hjelmen skyttarlag	8
Stad	Bøfjorden	
Kost. 1000	324	
Søk. sum	108	
Ferdig	2013	
Resultat	Laget trekte søknaden sin, ønska ikkje å gå inn i søknadsprosessen.	
Anlegg:	Rehabilitering av standplassbygg Bæverdalen skytterlag	9
Stad	Bøverfjorden	
Kost. 1000	317	
Søk. sum	105	
Ferdig	2009	
Resultat	Tildelt midlar i 2014	
Anlegg:	Nytt skyttarhus, Bæverdalen Skytterlag	10
Stad	Bøverfjorden	
Kost. 1000	1 500	
Søk. sum		
Ferdig	Nei	
Resultat	ikkje søkt, ikkje oppstart i planperioden.	
Anlegg:	Nytt lysanlegg Syltøran fotballbane	11
Stad	Surnadal	
Kost. 1000	378	
Søk. sum	123	
Ferdig	2012	
Resultat	Tildelt midlar i 2017	
Anlegg:	Maratonbane ved Trollheimen ridehall Gjestestall/gjesteboksar i ridehal	12
Stad	Nymoen - Surnadal	
Kost. 1000	1 188	
Søk. sum	396	
Ferdig	2014	
Resultat	Tre prosjekt slått saman, ferdig og alt utbetalt (tildelt 377)	

Anlegg:	Fleirbrukshall	13
Stad	Surnadal	
Kost. 1000	20 000	
Søk. sum		
Ferdig	Nei	
Resultat	Ikkje søkt og ikkje ferdig planlagt i planperioden	
Anlegg:	Angråmyra skytebane (garderobar)	14
Stad	Surnadal	
Kost. 1000	581	
Søk. sum	172	
Ferdig	2013	
Resultat	Tildelt midlar i 2017	
Anlegg:	Lagerbygg til friidrettsanlegget Øye stadion	15
Stad	Surnadal	
Kost. 1000		
Søk. sum		
Ferdig	2016	
Resultat	Kommunale midlar er bruka til bygget, det er ikkje søkt spelemidlar på prosjektet	
Anlegg:	Gangveg langs Surna mellom Øye og Grimsmoen	15
Stad	Surnadal	
Kost. 1000		
Søk. sum		
Ferdig		
Resultat	Løfta frå uprioritert del, men ikkje ferdig planlagt i planperioden	

3.3 Ordinære anlegg uprioritert liste i periodestarten.

Anlegg/tilrettelegging	Stad	RESULTAT
Pipeland – buldring og klatring	Surnadal	Prosjekta er ikkje utreda og ikkje løfta opp til prioritert del
Gangbru i Grytåfeltet	Surnadal	
Sykkelkonsept	Surnadal	
Nærmiljøanlegg Surnadalsøra	Surnadal	
Familievennlege sykkeltraséar	Surnadal	
Fiskeplass for funksjonshemma ved Surna	Surnadal	
Bru over Surna	Øvre Surnadal	
Tennisbane	Søyabanen	
Gang og sykkelbru frå Svartvassområdet til Øye	Surnadal	
Skatepark	Surnadal	

3.4 Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2012 - 2015

Anlegg:	Stangvik oppvekstsenter
Stad	Kvanne
Resultat	Utbygd i samanheng med rehabilitering av oppvekstsenteret – ikkje søkt spelemidlar på prosjektet
Anlegg:	Bøverfjorden oppvekstsenter fotballøkke
Stad	Bøverfjorden
Resultat	Fotballøkke med kunstgras er ferdigstilt, ikkje søkt spelemidlar

Anlegg:	Einholmen – badestrand m.m.
Stad	Bøverfjorden
Resultat	Badestranda er under utvikling – ikkje søkt spelemidlar, utviklar er ikkje spelemiddelberettiga
Anlegg:	Tennisbane på Øye
Stad	Surnadal
Ferdig	Nei
Resultat	Prosjektet er ikkje utreda
Anlegg:	Grytå vel, leikeplass og fotballbane
Stad	Surnadal
Kost. 1000	155
Søk. sum	
Ferdig	
Resultat	Leikeplass under utvikling – det er tildelt kulturmidlar
Anlegg:	Ballbinge og friluftsfremmande tiltak / Turstiar/ 3 D bane for bueskyting Bru / Rydding, merking og skilting av turstiar
Stad	Bøfjorden
Kost. 1000	465 (Ballbinge)
Søk. sum	232
Ferdig	2014
Resultat	Prosjekta er ferdigstilt spelemidlar er tildelt
Anlegg:	Øye, nærmiljøanlegg
Stad	Surnadal
Resultat	Prosjektet er ferdig – det er ikkje søkt spelemidlar i denne planperioden
Anlegg:	Gangbru over Surna i Øvre Surnadal
Stad	
Ferdig	Nei
Resultat	Prosjektet er ikkje utreda
Anlegg:	Fiskebrygge, Glønavatnet
Stad	Nordmarka
Resultat	Prosjektet er ikkje utreda

3.5 Kulturbygg i perioden 2012 – 2015

Anlegg/tilrettelegging	Stad	RESULTAT
Sagatun	Øvre Surnadal	Det er gjort ein del rehabiliteringsarbeid i planperioden, det er tildelt kommunale kulturmidlar til prosjekta, men det er ikkje søkt spelemidlar på kulturbygg i perioden.
Todalen sanitetshus	Todalen	
Bondehuset	Stangvik	
Myrvang forsamlingshus	Kvanne	
Kulturbygg Todalen	Todalen	

Det er ikkje søkt spelemidlar på kulturbygg for Surnadal i planperioden, årsaka er nok at kriteria frå fylkeskommunen er såpass harde at huseigarane ikkje ser for seg å satse på såpass store prosjekt i eit jafs. I skrivande stund er minimumskostnaden sett til 500 000 kroner, og fylkestinget har valt at det er formidlingsarena som er eit prioritert område. Difor ser vi at forsamlingshus/lags-hus som til dømes treng eit handikaptoalett, fell utanfor kriteria for ein slikt søknad.

4 Økonomisk resultatvurdering

4.1 Kommunale tilskot og spelemiddeltildelingar i planperioden

Anleggseinheit:	Trollheimen Ridehall			
Anleggskategori	Hestesportanlegg: ridehall			
Byggeår	2012			
Kommunale midlar	Tildelt kr	1 312 000	År	2012
Spelemidlar	Tildelt kr	1 450	År	2012
		1 450		2013
Anleggseinheit:	Kvanne motorcrossbane			
Anleggskategori	Motorsportanlegg: motocrossløype			
Byggeår	2003/-13			
Kommunale midlar	Tildelt kr	354 000	År	2012
		352 000		2013
Spelemidlar	Tildelt kr	438 000	År	2014
Anleggseinheit:	Øye stadion			
Anleggskategori	Fotballanlegg: kunstgrasbane			
Byggeår	2009			
Kommunale midlar	Tildelt kr	17 552 000	År	2007-2015
Spelemidlar	Tildelt	1 500 000	År	2015
		1 700 000		2016
Anleggseinheit:	Nordmarka idrettssenter			
Anleggskategori	Idrettshus: lager/smørebu			
Byggeår	2013			
Kommunale midlar	Tildelt kr	(lån) 500 000	År	2013
Spelemidlar	Tildelt kr	488 000	År	2015
Anleggseinheit:	Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter			
Anleggskategori	Friluftsliv: friluftsområde			
Byggeår	2012			
Kommunale midlar	Tildelt kr	10 000	År	2014
Spelemidlar	Tildelt kr	40 000	År	2012
Anleggseinheit:	Tjønnyra turløype og skileikanlegg			
Anleggskategori	Friluftsliv: friluftsområde			
Byggeår	2014			
Kommunale midlar	Ikkje søkt			
Spelemidlar	Tildelt	434 000	År	2012
Anleggseinheit:	Standplassbygg Bæverdalen skytebane			
Anleggskategori	Skyteanlegg: skytebane ute			
Byggeår	2013			
Kommunale midlar	Ikkje søkt			
Spelemidlar	Tildelt	105 000	År	2015
Anleggseinheit:	Trollheimen rideanlegg: gjestestall og maratonbane			
Anleggskategori	Hestesportsanlegg: stall			
Byggeår	2012			
Kommunale midlar	Tildelt kr	85 000/116 000/36 000	År	2014/2015/2016
Spelemidlar	Tildelt	377 000	År	2015

Anleggseinheit:	Bøfjorden skule			
Anleggskategori	Aktivitetsanlegg: ballbinge			
Byggeår	2014			
Kommunale midlar	Tildelt kr	1 16 000	År	2014
Spelemidlar	Tildelt kr	232 000	År	2015

4.2 Tildelte spelemidlar, ordinære- og nærmiljøanlegg i planperioden

Kommunale midlar	Tildelt/lån/utbygging	19 928
Spelemidlar	Tildelt	8 214

Løypetiltak i fjellet kjem ikkje inn under dei kommunale søknadane, men ein ser at det blir løyvd ein del midlar til fjellområda våre gjennom Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) og Trondheim Turistforening(TT). Dei får midlar til overnattingshytter og merking av løyper i Trollheimen og på Fjodruta. Dette er positivt for oss med tanke på friluftslivssatsinga elles i kommunen.

4.3 Søknader for 2018

Ordinære anlegg:

Anlegg/tilrettelegging	Søkt sum	Ferdig
Sæterlia alpinanlegg;		
02- Garasjeanlegg (fornya 3g.)	967	2014
04- Midttrasé (fornya 3g.)	1 000	2014
05- Hovudrørtrasé (fornya 4g.)	1 000	2014
06- Park- og skogsløype (fornya 3g.)	1 000	2014
07- Fleirbruksbygg (fornya 1g.)	303	2017

Nærmiljøanlegg anlegg:

Kunstgras Svissholmen (fornya 1g.)	300	2016
------------------------------------	-----	------

Total søknadssum til behandling i 2018

4 570

4.4 Konklusjon

Når ein ser på tildeling av spelemidlar, så har det vore eit langt etterslep. På grunn av at det ikkje har kome store kostnadsdrivande prosjekt dei siste åra, så held vi i Surnadal på å kome ajour med tildeling av midlane.

Vi kan skryte av at Trollheimen ridehall på Nymoen var det første interkommunale idrettsanlegg i Møre og Romsdal fylke, og av den grunn fekk dei tildelt midlar same år som dei søkte. Det same gjeld ein del friluftslivsanlegg, der har tilskotet frå spelemiddelordninga kome raskt på grunn av at dette området har vore prioritert i fylket.

Eit stort positivt løft innanfor spelemiddelordninga er det nye saksbehandlarsystemet som kom hausten 2017.

5 Evaluering av planen som administrativt og politisk styringsreiskap

Som ein ser i førre underkapittel så har hovudfokuset vore på ordinære anlegg frå prioritert liste. Mange av prosjekta er ferdigstilte, men ikkje alle har fått tildelt/utbetalt midlar enda.

Ingen av prosjekta som var sett inn i lista på ordinære anlegg uprioritert del, er gjennomført, sjølv om dei vart løfta til prioritert liste i planperioden. Vi har ein mistanke om at ein del av desse prosjekta ikkje var godt nok forankra i ein organisasjon eller i kommunen. To av prosjekta på den lista har kommunen enno ikkje planlagt – regulert ferdig, desse to prosjekta blir med vidare i neste handlingsplan over ordinære anlegg.

Når det gjeld nærmiljøanlegg, så har det skjedd ei stor utbygging av kunstgrasbanar i planperioden, ikkje alle har søkt spelemidlar. Vi har kunstgrasbaner på Syltøran (Surnadal) og Midtigrenda (Surnadal), bygd før denne planperioden. Øye stadion (Surnadal), Søyabanen (Kvanne), Stangvik oppvekstsenter (Kvanne), Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter (Bøverfjorden), Bøfjorden skule (Bøfjorden). Svissholmen (Stangvik – spelemiddelsøknad i 2017).

I tillegg til desse prosjekta så har vi i planperioden òg fått eit FrisbeeGolf-anlegg på Øye, dette er ikkje spelemiddelsøkt, men har fått kommunalt tilskot, og eit FrisbeeGolf-anlegg på Bordholmen i Todalen som Todalen Idrettslag har finansiert sjølv.

Leikeplassar rundt om i kommunen har fått tildelt kulturmidlar etter søknad, men ingen har enno søkt om spelemidlar til slike prosjekt. Det same gjeld òg kulturbygga våre, det er søkt (og tildelt) kommunale kulturmidlar, men ikkje spelemidlar. Ein kan spekulere i om planen ikkje verkar etter si hensikt. Kultureininga formidlar moglegheita for å søkje spelemidlar på dei forskjellige anlegga kvart år, gjennom eit fast møte på hausten. I tillegg er det individuelle møte med potensielle søkarar ved behov.

Det ein ser både innanfor frivillige organisasjonar og til dels innanfor dei forskjellige kommunale einingane er at lista for å søkje spelemidlar kan virke vel høg. Elektronikken og mengda av dokumentasjon kan verke avskrekkande på søkarane, og mange reduserer prosjekta sine og prøver å få dei finansiert på anna vis.

Når det gjeld å føre dei planlagde tiltaka inn i budsjettet, så har det ikkje lykkas så godt til no. I denne planperioden har det ikkje vore sett av ei ramme til spelemiddelandel kvart år, det finst ikkje midlar innanfor ramma på kultureininga til denne typen (store) tilskot. Så kvar søknad blir vurdert ad hoc, og midlar blir teke frå fond.

Eit anna budsjettmessig problem er at søknadsfristen på spelemidlar inn til kommunen kvart år er 15. oktober, og da er allereie budsjettprosessen i kommunen kome langt. I tillegg er det ofte at fristen ikkje blir overheldt. Vi har motteke søknadar heilt fram mot jul, og da er det for seint med tanke på kommunebudsjettet året etter. Dette kan føre til ad hoc løysningar, som ikkje nødvendigvis er gode.

6 Planprosessen

27. september 2016 var det folkemøte på kulturhuset, der to representantar frå Møre og Romsdal Idrettskrets kom for å køyre ein planprosess med frammøtte frå frivillige lag og organisasjonar. Det var 26 deltakarar inkludert medlemmer frå arbeidsgruppa for planarbeidet. Deltakarane representerte; Jeger- og fiskerforeninga, forskjellige idrettslag, golfklubben, forsamlingshus, klivarlag, pistolklubb, skyttarlag, ride- og kjørelag, fotball, langrenn, dykkarklubb, idrettsrådet, politikarar og kommuneadministrasjonen. Som vi ser, var det ei god blanding og god breidde frå frivillige lag og organisasjonar som deltok.

6.1 Rapport frå planprosessen i Surnadal kommune:

Rapporten frå folkemøtet vart ført til penna av Siri Ask Fredriksen; plan og utviklingsleder i Møre og Romsdal Idrettskrets, fellesorgan for idretten i fylket. Med seg hadde hun Vegard Rangsaeter som er idrettsfaglig konsulent same stad. Henta frå rapporten:

«Møre og Romsdal Idrettskrets består av alle idrettslag, idrettsråd og sær-kretsar/regioner tilslutta NIF og jobbar med:

- Oppgåver og saker av felles interesse for idretten
- Å styrke idrettens rolle og betre idrettslagenes rammevilkår
- Service- og støtteoppgåve ovanfor idrettsråd, sær-kretsar/regioner og idrettslag
- Informasjons- og opplysningsverksemd om idrettens verdier og verdiskaping»

6.2 Revidering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Bakgrunnen for møtet var revidering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Dette er ei plan som omfattar all utbygging og tilrettelegging innan idretten, friluftslivet og fysisk aktivitet i kommunen. Planen vil styre utbygging av anlegg, og eitt av kriteria for å søke om spelemidlar, er at anlegget skal stå i denne planen.

For å få en god plan, er det viktig at vi får med alle laga og heile frivilligheita i kommunen i arbeidet.

6.3 Krav som må vera oppfylt ved søknad om spelemidlar

Søklar må opprette kontakt med kommunen anlegget skal ligge i. Før det kan søkjast om tilskot til anlegg, må kommunen registrere anlegget i idrettsanleggsregisteret. Anlegget det skal søkjast midlar til, må vere del av vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Idrettsfunksjonell godkjenning må vere på plass før byggearbeid startar (dette er vedlegg 1 i søknaden). Det er kommunen der anlegget skal byggast, eller Kulturdepartementet som gjer denne førehandsgodkjenninga. Les meir på www.regjeringen.no og www.idrettsanlegg.no

Surnadal – Norges beste idrettskommune?

Idretten, friluftslivet og den fysiske aktiviteten i Surnadal står godt rusta til å møte framtida!
Offisielle tal frå idrettsregistreringen 31.12.2015 :

1 idrettsråd – 12 idrettslag; 3643 medlemskap - 5969 innbyggjarar - 61 % Oppslutning -
Frivillig produksjon: 25 129 472 kr

Forholdet offentlig løyving/frivillig produksjon: 1:6 (4 188 245/25 129 472)

6.4 Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast og gjeld for perioden 2018 – 2021. Vi starta denne prosessen med å involvere innbyggjarane.

- Bottom-up gir betre resultat enn top-down
- Individuell – Gruppe – Plenum (IGP)
- Først såg vi på status på noen område per dags dato:
- Deretter gikk vi over til å lage forslag til ei handlingsplan

Deltakarane sine vurderingar om status innanfor dei forskjellige områda:

(Dei plasserte ei stemme kvar på dei forskjellige områda)

Område	God	Midt på	dårleg
Idrett og fysisk aktivitet	22	1	0
Friluftsliv	17	1	0
Frivilligheit	24	0	0
Anleggsdekning	17	1	6
Kompetanse – trenarar og leiarar	15	4	3
Totaloversikt over status på idrett og frivillig arbeid	95	7	9

Deltakarane sine vurderingar om kva som fungerer bra per i dag, og kva som kan bli betre innanfor dei forskjellige områda:

Område	Dette er bra	Dette kan bli betre
Idrett og fysisk aktivitet	Godt samarbeid mellom laga Mange tilbod av alle slag Stort mangfald God frivillig innsats Gode anlegg Lågterskel Gode arrangement	
Friluftsliv	Stort mangfald Mange lag/foreiningar Gode tilbod hele året	Ikke tilrettelagt for eldre og funksjonshemmede Manglar kvilebenkar Få ut søppeldunkar Mangel på merking og info
Frivilligheit	Mange lag/foreiningar Engasjerer unge i styre og arrangement Eldsjeler som gjer mye Dugnadsopplutninga er god	Vanskelig å verve folk (dei same går igjen og møter på dugnad) Manglar frivilligheitssentral Dårleg formidling Avhengig av eldsjeler Dugnadsånd på retur

	Mange engasjerte på mange arenaer	
Anleggsdekning	Har mye Mangfald	<p>Manglar fiskeplasser for alle, bowling, curling, fotballhall, skatepark, klatrevegg, hoppbakke, tuftepark, gangveier og kvileplassar</p> <p>Fleire merka løyper</p> <p>Barnevogn- og rullestoltrasé</p> <p>Dårleg hallkapasitet</p> <p>Gapahuk på Vang</p> <p>Manglar tidtakarutstyr på friidrettsbanen</p> <p>Svømmehall</p> <p>Anlegg med universell utforming</p> <p>Utfordrande vedlikeholdskostnader</p>
Kompetanse – trenarar og leiarar	<p>Gode holdningar</p> <p>Nokre grupper har kompetanse</p> <p>Positivt med dagleg leiar i Surnadal IL</p>	<p>For mange krav frå toppen</p> <p>For mange krav frå omverda</p> <p>Bør ha fleire kurs</p> <p>Viktig med lokale kurs</p>

6.5 Forslag til handlingsplan frå folkemøte

Kva	Korleis	Kven	Når
Skilting og infotavle	Kart og merking	Kommune, IL og velforeiningar	Snarast
Parkering ved turmål	Merking og tilrettelegging	Kommune, fylket og grunneigarar	Snarast
Universalt utforma fiskeplasser	Bygging ved eksisterande anlegg	Kommune, eleve-eigarlag, fylket og staten	2017 ⇨
Klubbhus	Bygge	Surnadal Golfklubb	2017 ⇨
Sanitæranlegg Tjønnyra skianlegg	Bygge	Todalen IL	2017 ⇨
Gapahuk i nærmiljøanlegg	Bygge		2017 ⇨
Klubbhus/varmestue Angråmyra	Bygge	Surnadal jeger og fiskerforening	2017 – 2018
Fiskeplass			
Frisbeegolf			
Klatrepark			
Oppgradering/vedlikehold Borholmen	Vedlikehold utviding	Todalen IL	2017 ⇨
Gapahuk, ball/leikeplass	I samarbeid med kommunen	Bæverhall	2017 – 2020

Hoppbakke Sagatun	Dugnad vedhogst rydde tråkkemaskin	ØSIL/SIL	2017 – 2020
Buldrerom/klatring	Finne eigna lokale, integrering, søkje midlar – vurdere interkommunalt	Kommunen og Trollheimen klivarlag	2017 – 2020
Tur- og treningsløype	Bygge	Grunneigar kommune ved frisklivssentralen	2017 – 2020
Tilrettelegging for dei med nedsett funksjonsevne/ utviding av lysløype ved Nordmarka skisenter	Samarbeid mellom kommunen, IL og frivilligheita		2017 – 2018
Elektronikk skytebane	Montere	Øvre Surnadal skytterlag	2017
Gapahuk på Vang	Bygge	IL Søya/skigruppa	2017
Fotballhall	Bygge	Surnadal IL	2017 – 2018
Tidtakarbu Sæterlia Alpinanlegg	Bygge	Surnadal IL Alpint	2017
Båt	Kjøpe ny	Surnadal IL Dykkerklubb	2019
Renovere/innvendig oppussing klubbhuset på Vang		IL Søya	
Generell oppgradering		Myrvang forsamlingshus	2017
Skatepark	Bygge	Skateklubben og kommunen	2017 - 2020

7 Status og vurdering

7.1 Nedre Surnadal

Aktivitet

Surnadal idrettslag er idrettslaget som dekkjer Nedre Surnadal med 13 forskjellige undergrupper.

Surnadal skytterlag er òg eit aktivt lag som driv med skyting gjennom DFS, og dei har aktivitetar som leirdueskyting og jegeroppkyting i samarbeid med Surnadal jeger- og fiskerforening.

Surnadal jeger og fiskerforening har aktivitetar innanfor jakt og fiske rundt om i heile kommunen, men mange av dei skjer på Angråmyra skytebane.

Surnadal Taekwon-Do klubb er ein aktiv klubb, som i tillegg til trening og konkurransar har tre veker med sommarleir kvart år. Her kjem det deltakarar får heile landet.

Vidare er det aktiviteter som RC–kjøring (radiostyrt utstyr) med Surnadal RC klubb, Barn i løypa, turar for eldre (Stavgangargruppa), Seniordans og folkedans, hestesport, skateing og helsesvømming.

NoFo har kvar vinter Vinterleikane på Nordmarka, der utviklingshemma frå heile regionen blir invitert til ei aktiv og sosial veke.

Idrettsanlegg

I Nedre Surnadal er anlegga fordelt på fem område: Angråmyra skytebane, Nordmarka idrettssenter, Sæterlia alpinanlegg, Øye/Nymoen og Syltøran fotballanlegg. På Syltøran er det no to grasbanar og ein kunstgrasbane. I tillegg er det eit klubbhus/garderobeanlegg.

På Øye har vi idrettshall, svømmehall, friidrettsanlegg, kunstgrasbane. Det første interkommunale idrettsanlegget i Møre og Romsdal står på Nymoen; Trollheimen ridehall vart opna i 2012 og er eit flott anlegg med hall, gjestestall, dommarbu og fleire banar og løyper i tilknytning til anlegget.

Nærmiljøanlegg

Det er eit fint nærmiljøanlegg i tilknytning til Øyeområdet, det er òg ei Frisbeegolf-løype på dette området. Det er òg ein fotball-/isbane i Midtigranda, samt ein del leikeplassar/løkker i bustadfeltet.

Friluftsliv/turstiar

Nedre Surnadal	Tursti til Langvatnet	8,2 km
	Tursti til Knyken	13 km
	Tursti til Kleiva	2,4 km
Årnes Eit nettverk av stiar i Årnestraktene, mellom anna: <ul style="list-style-type: none"> • Garte – Gjerasetra – Garthøgla – Svartvatnet - «Gammel-Baklisetra» - Baklia • Baklia – Årnes • «Gammel-Baklisetra» - Nersetra • Gjerdasetra – Møkkelgjerdsetra – Sjøflottsetra – Kringla • Kringla – Årnes • Nersetra - Asphaugen, Kringla • Asphaugen – Seterstigen • Brandhaugen – Gråora • Seterstigen – Persullukammen • Bermyrhaugen – Hamnesvikan • Asphaugen – Persullukammen • Kjergroneset - Persullukammen- Årnes • Kjergroneset - Årnes om Årnesbola – Persullukleiva og Persullukammen • Kjergroneset - Årnes etter gammelvegen • Rønningan – Skogstua • Rønningan - Stortrølia- Seterstigen • Seterstigen – Skogstua • Seterstigen – Gråora • Ekjelia – Skaret • Baklia – Nersetra - Sandneset • Kustigan frå anlegget - Brandhaugen 		

Glæremstranda (Kalkstranda) i nedre Surnadal er sikra til friluftsføremål ved servituttavtale med 100 prosent tilskot frå staten. Kommunen har ansvaret for tilrettelegginga på staden og har mellom anna utbetra parkeringstilhøva og bygd sandvolleyballbane. Det er etablert sanitærhus og avløpsanlegg.

Kommunen eig husa som den engelske familien Musters bygde tidleg på 1900-talet på Vaulen på Nordmarka. Den tilhøyrande utmarkseigedomen på 8000 dekar er også sikra som friluftsområde med statlege midlar, og blir i dag forvalta av Surnadal kommune.

På Vaulen er det gode høve til friluftsliv, jakt og fiske, og staden blir leigd ut til privatpersonar, skuleklassar og firma. Både surndalingar og tilreisande nyttar tilbodet.

7.2 Øvre Surnadal

Aktivitet

Trim på skolen, Barn i løypa, langrenn og Øsil knøtt (Øvre Surnadal idrettslag), skyting (Øvre Surnadal skytterlag), Kløyvveg marsjen.

Idrettsanlegg

Øvre Surnadal har hoppbakken Sæterbakkane. Som ein ser frå handlingsplanen som vart laga på folkemøtet er det behov og ønske om at bakkane skal ryddast slik at dei kan brukast igjen. Slik det er no, køyrer hoppinteresserte til Knyken i Orkdal for å utøve idretten sin. Langrenn går føre seg i lysløypa ved Holtamoan, og det er gymsal ved Mo skule. Det er mykje aktivitet på uteområdet ved skulen, og grasbane blir bruka flittig om sommaren. Øvre Surnadal skytterlag har bane ved Ellingsmyra.

Nærmiljøanlegg

Det er eit nærmiljøanlegg i tilknytning til Mo oppvekstsenter med: klatrepamide, diverse leikeapparat, basketballstativ, ulike disser, leikestue, grillhus, sklie, stor sandkasse, akebakke, fotballbane, ballvegg, hoppgrøp og løpebane for 60m. Mo oppvekstsenter har òg eit uteområde for skulen og barnehagen omlag 2 km frå oppvekstsenteret. Her er det gapahuk og bål plass.

Friluftsliv/turstiar

Øvre Surnadal	Tursti til Liabekken	6,8 km	Øvre Surnadal IL er i startgroppa med merkingsarbeid.
	Tursti til Salvatna	4,4 km	

Elva og fylkesveg 65 er ei stor utfordring i Øvre Surnadal for lågterskel turaktivitet i nærmiljøet. Elva deler bygda og fylkesvegen skjær gjennom terrenget i lange strekningar med fjell i den eine vegkanten og skråning ned til elva i den andre.

7.3 Bøfjorden

Aktivitet

Friluftaktivitet i gapahukområdet på Mjøksanden (4H), Bøfjorden IL har ei stor bredde innanfor fysisk aktivitet, det er fire undergrupper i laget (fotball/trim/ski/bueskyting). I tillegg kjem aktivitetar som: barnetrim, allidrett, roing og kajakkpadling.

Idrettsanlegg

I Bøfjorden er hovudidrettsanlegget samla på Leikarvollen. Der er det fotballbane, utandørs handballbane, skytebane og grendehus med storsal/gymsal og innandørs skytebane. I Settemsdalssletta er det lysløype for ski.

Nærmiljøanlegg

Ved Bøfjorden barnehage er det ein ballbinge og diverse leikeapparat, fotballbane og kunstgrasbane, akebakke, sklie, sjørøvarbåt, leikestuer, klatrejungel, klatrestativ, klatrevegg, stor sandkasse, gapahuk, volleyballbane, sykkelbane m.m.

Friluftsliv/turstiar

Bøfjorden	Kalset- Kvalnesvika	7 km
	Kalset- Kalsetsetra	3 km
	Heggemsneset- Kallset	4 km
	Heggemsneset- Blåfjellet	8 km
	Dragset- Blåfjellet	10 km
	Dragset- Skarhaugen- Håkkåsteinen	8 km
	Skrøvset- Skrøvsetfjellet- Skreå	6 km
	Settem- Settemsvarden	5 km
	Settem- Jutulbu- Tussan	10 km
	Settemsvøren- Svarttjøna	6 km
	Settemsvøren- Nordstranda- Heggemsneset	10 km
	Settemsvøren- Bølandet- Bøgeilen	6 km
	Åsskardfjorden rundt	16,5 km
	Padletur frå Elvaneset- ulike ruter skissert	
	Grendahuset- Høgbrua- Svartvatnet	2 km
	Sletta- Blåfjellet	4 km
	Sletta- Kjølén	3 km
	Sletta- Hjelmkona	9 km
	Sletta- Hjelmkona rundt	14 km
	Settemsdalen- Hjelmen	6 km
	Bø- Osen- Hyllrabben	7 km
	Stakkneset- Trollbakken- Bøvardane	6 km
Bøkleppen- Bølia- Stordalsvarden	7 km	
Bøkleppen- Bøkleppnausta	2 km	
Bøkleppen- Bøkleppsetra/Gravasetra	5 km	
Bøkleppen- Trodalen	7 km	

I Bøfjorden har det skjedd mykje innanfor dette området. Det var frå før ein uteplass med gapahuk og bål plass i nærleiken av barnehagen.

I planperioden har det vorte mykje nytt både m.o.t. turområde, gapahukar, bru og friluftslivs anlegg rundt om i bygda.

Det er også merka og skilta mange turstiar. Merkinga i Bøfjorden har skjedd med støtte frå Gjensidigestiftelsen, Bøfjorden historielag, Bygdamobiliseringsprosjektet Spleis, Åsskard grunneigarlag, Surnadal kommune og Talgø/Møretre AS. Dei har òg fått spelemidlar.

7.4 Bøverfjorden

Aktivitet

Det er omlag 6 vandringar med kjentmann i sommarhalvåret - Nissemarsj ca. 1. søndag i advent. - Sykkeltur til tre ulike trimpostar om sommaren - Fotball for barn i samarbeid med Bøfjorden.

Idrettsanlegg

I Bøverfjorden er fotballbaneområdet betydeleg utbetra dei siste åra. Eit reiskapshus ved fotballbanen er utvida og inneheld kiosk, lager og toalett. Det er bygd volleyballbane og skotthyllbane ved fotballbanen.

Skyttarbanen i regi Bæverdalen skyttarlag er utbygd med sanitæranlegg og dei to standplassane (100 og 300m) er lydisolerte i siste planperiode.

Nærmiljøanlegg

Bøfjorden og Bøverfjord oppvekstsenter har eit stort og variert uteområde. I 2010 vart nærmiljøanlegget ferdig, og her er ballbanar, hinderløype, disser, klatrevegg, amfi med bål plass og diverse leikeapparat, og i 2014 vart ei ny løkke med kunstgras teke i bruk.

I skogen vis a vis skulen er det ein stor gapahuk, og ved Bøvra er det ein plass der det blir sett opp lavvo vår og haust.

Friluftsliv/turstiar

Bøverfjorden	Tursti til Solemsetra	3,6 km
	Tursti til Hakstadsetra	5,2 km
	Tursti til Bøverfjordensetra	4 km
	Tursti til Amtlia om Solligjerdet	6,2 km
	Tursti til Solligjerdet	3 km
	Rundtur om Kraftstasjonen	8 km
	Tursti til Trodalen	5,6 km
	Tursti til Bjorvollen	5,8 km
	Tursti til Flåttasetra	4 km
	Tursti til Skarven	7,4 km
	Tursti til Sæterbøsetra	3,6 km
	Tursti til Svartvatnet	3,2 km
	Tursti til Baklisetra	5 km

På Flessastranda finst det noko tilrettelegging for dei som brukar området til bading og dagsturar. Det er òg lagt til rette for bading på Einholmen hytteområde ved elveutløpet, og det blir bada i eit fossefall oppe i Bøverdalen, mellom gardane Hallmyra og Toresetra.

Bøverfjord IL har 17 trimpostar med bok, og 14 av desse er merka.

Turgruppa driv med gaida turar til

fleire utvalte turmål kvart år. Merkinga i Bøverfjordenen har skjedd med støtte frå Surnadal kommune.

7.5 Stangvik/Kvanne

Aktivitet

IL Søya er eit aktivt lag med god breidde både innanfor idrett og friluftsliv. Dei driv med allidrett for barn og bruker i tillegg til sine egne idrettsanlegg og Stangvik skule også Idrettshallen og svømmehallen på Øye. Det er eit aktivt miljø på motocrossbanen der Surnadal motocrossklubb har faste treningskveldar og konkurransar. Surnadal golfklubb er òg ein aktiv organisasjon med treningskveldar på golfbanen.

Idrettsanlegg

Stangvik/Kvanne har eit godt anlegg på Søyabanan for fotball, eit bra anlegg for ski på Vang, ein mykje bruka crossbane, eit skitrekke for alpint, skytebane samt ein flott golfpark på Kvanne. Denne kretsen har mange gode i sitt nærrområde. I tillegg er det balløkker både på Nordvik og i Lykkjebygda og balløkkka ved Svissholmen er no tilrettelagt med kunstgras.

Nærmiljøanlegg

Stangvik oppvekstsenter består av skule med om lag 65 ungar på 1.-7. trinn og barnehage med om lag 30 ungar. Barnehagen har ulike leikeapparat på uteområdet. Skulen har ein kunstgrasbane, nokre dissar og sandkasse. Både skulen og barnehagen nyttar tilrettelagt område i skogen ved skulen i undervisninga. Oppvekstsenteret står framfor ei renovering, og i dette høvet vil også uteområdet få ei oppgradering.

Friluftsliv

		Gamle Stangvik:
Nordvik og Svinvika	Tursti Ytre Sula	7,4 km
	Tursti Svinvikrunden	4,6 km
	Rundtur om Ytre Sula	6,7 km
	Åsbøsnyttå, trasè 1	5,6 km
	Åsbøsnyttå, trasè 2	5,6 km
	Stisystem av kortare turar i Nordvik- og Svinvikområdet	Ca. 7,5 km

Svissholmen i Stangvik er regulert og sikra med statlege midlar til friluftsliv. Stangvik grendelag har ansvar for dagleg tilsyn mot økonomisk støtte frå Surnadal kommune. Her er det gapahuk med grillar, bord og

benkar, kunstgrasbane, toalett og dusj, leikeplass og badestrand. Kommunen er grunneigar på Svissholmen.

Stangvik/Kvanne	Vandring:	
	Tursti til Strengen	7,8 km
	Eit nett av stiar er beskrive på kart publisert av I.L. Søya sommaren 2016. Ikkje alle av desse er skilta enda, men arbeidet pågår. Turstiar og stinettverk:	
	Tursti til Gammelsetra	3,4 km
	Tursti til Storsetra	4,4 km
	Turstiar rundt/ til Evjehaugen	4,7 km
	Turstiar rundt/til Kvennaåsen	4,9 km
	Nettverk av stiar i Strengområdet	Ca 15 km
	Stinett i området Mulneset-Bjønndullu- Haltbakkan	Ca. 8,5 km
	Stiarnett frå Gjerstad og Haugen over Haugasetra, Vindnebbå og Skjenna til Åsen	Ca. 6 km
	Tursti til Snøfjellet	8,6 km
	Tursti til Skarfjellet	4,6 km
	Tursti til Fossafjellet	7,8 km
	Tursti til Middagshaugen	5,0 km
	Sykling:	
	Sykkelstiar/-nett på strekinga Kvanne- Stangvika	Ca. 15 km
	Gammelvegen frå Melhus til Åsbøen	3,2 km
	Sykkeltur langs Søya frå Haugen til Kvennbøen	8,8 km
Sykkeltur innover Kvenndalen	9,2 km	

På Søysetøran er strandområdet delvis opparbeidd og lagt til rette i regi av Kvanne grendalag. Her er det no laga overbygd grillhus. Badestranda på Søysetøran inngår i Søysetøran naturreservat som er verna som elveoslandskap. Utbetringa på staden har grendalaget gjort i dialog med Statens naturoppsyn. Kvanne grendalag mottok årleg støtte frå kommunen for vedlikehald av stranda og nærområdet.

Det er i planperioden blitt opparbeidd eit godt stisystem for ski-, sykkel- og fotturar i området Vang – Strengen, med god merking og infoskilt.

Nordvik og Svinvik:

Dei fleste turane som er lista opp under Nordvik, er med på kartet som vart utgjeve av IL Søya i 2016. Stimerkinga på Nordvik var eit pilotprosjekt i kommunen, og har motteke kommunal støtte og støtte frå Gjensidigestiftelsen

7.6 Totalen

Aktivitet

Todalen IL er det eldste idrettslaget i kommunen og står som arrangør av mellom anna desse aktivitetane: - Kjerringdilten, årleg skirenn på Skihytta i påska – «Todaltdan», fotballturnering for lag opp til 12 år – Ræta opp, årleg mosjons- og motbakkeløp - Kløvertur, trimitur for eldre til forskjellige turmål kvar veke – Lagseriestemne, (friidrett) for ungar på vår og haust -Barn i løypa - Romjulsarsj, 3. juledag fast rundtur med mat og drikkestasjonar - Trollheimsmarsjen, tur over fjellet i samarbeid med Ulvungen IL - Rando på Kårvatn, dei siste 9 åra har det vore arrangert forskjellige meisterskap, både Europacup, Nordisk og Norgescup m.m.

Idrettsanlegg

Bordholmen er staden for dei sommarlege idrettane, og inneheld både fotballbane, friidrettsanlegg, FrisbeeGolf, tennisbane, sandvolleyballbane, klatrevegg, klubbhus og lagerbygg. På vinteren blir det laga skisebane for både ishokey, skeiser og curling.

I Todalen finst det dessutan lysløype for ski, skileikanlegg og aktivitetspark med stor og innhaldsrik gapahuk med sitteplassar plass til 20-30 personar på Tjønnyran, og skihytte på Ørsalfjellet. Det er i tillegg eit godt utstyrt trimrom «Hett og Svett» som står ope til fri bruk i den gamle bensinstasjonen og posthuset.

Nærmiljøanlegg

Oppvekstsenteret har ballbinge for fotball og anna ballspel, asfaltert plass med rom for å slå ball og anna leik. Det er bygd ein romsleg og god sandkasse, og det er ein kunstig bygd haug som m.a. blir brukt til akebakke. Ein del av uteområdet er felles for barnehagen og skulen med forskjellige leikeapparat og utstyr. Vinterstid blir innmark i nærleiken av skulen bruka til ski og anna leik. Oppvekstsenteret har også gapahuk / leirplass i nærområdet til bruk ved turar og uteskule.

Friluftsliv

Todalen	Tursti til Storhaugen	5,3 km
	Trimpost m/bok Gammelsetra	5,2 km
	Trimpost m/bok Haukarsteinen	5,4 km
	Trimpost m/bok Talgøysetra	4,9 km
	Trimpost m/bok Tårnet	3,9 km
	Trimpost m/bok Ansnesetra	4,6 km
	Trimpost m/bok Løfta	1,0 km
	Trimpost m/bok Fæskgjelln	4,0 km
	Trimpost m/bok Gunnøyann	1,4 km
	Oppkøyrd skitur Skihytta	6,2 km
	Oppkøyrd skitur Tristeinan	5,2 km

Ved småbåthamna i Todalen blir ei badestrand og tilliggande område halde ved like av plan- og tiltaksutvalet. Det er opparbeidd eit skileikområde på Tjønnyran og på Kårvatn er det randoneaktivitar.

Todalen II er i startgropa med merking.

8 Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov

8.1 Demografi

Med eit folketal på i underkant av 6 000 innbyggjarar er Surnadal ein middels stor kommune i Norge. Folketalet var på sitt høgaste i 1988 med 6 514 innbyggjarar. Frå 1994 har folketalet gått jamt nedover, og nedgangen har vore størst i bygdene utanfor sentrum. Dei siste åra har folketalet stabilisert seg, og prognosane viser ein vekst i folketalet i åra som kjem.

Sjølv om det har vore ein nedgang i folketalet, har det aldri før vore så mange medlemmar totalt i idrettslaga. Kommunen peikar seg ut som ein av dei fremste på akkurat dette området i fylket.

Om lag halvparten av dei om lag 1350 hyttene i kommunen har eigarar utanfor kommunen. I tillegg er det ein del bustader som blir bruka som fritidshus. Brukarane av desse eigedomane utgjer ei viktig brukargruppe for anlegga og friluftsområda våre.

8.2 Trendar

Det er ein trend i tida å vere aktiv, og vi skal gjerne fortelje kvarandre om det på sosiale media. Samtidig aukar ulikheitene i aktivitetsnivå. Det er gjort funn som tilseier at vi blir meir stillesittande, og at det er mindre kvardagsaktivitet (Breivik m.fl., 2011). Bildet må derimot

nyanserast noko når vi samtidig ser at trening på fritida er aukande blant den aktive delen av befolkninga. Dette indikerer ein polariseringstendens der dei aktive stadig blir meir aktive, og dei inaktive blir meir passive.

Helsedirektoratet har eit mål om fysisk aktivitet for alle kvar dag. Dei tilrår 30 minutt med moderat aktivitet for vaksne og 60 minutt barn. Heile 57% av jenter 15 år er aktive mindre enn éin time om dagen. Tilsvarande tal for gutar på 15 år er 42% (Helsedirektoratet, 2012). For å nå målet om fysisk aktive med god helse i befolkninga i 2036 bør merksemda vere retta mot dei potensielt aktive i befolkninga. Undersøkingar gjort på nasjonalt nivå viser at berre 17% av den vaksne delen av befolkninga oppfyller kravet om 30 minutt moderat fysisk aktivitet per dag. 69% av befolkninga driv trening eller mosjon minst kvar 14. dag, og 76% opp gir at dei kunne tenke seg å drive regelmessig med fysisk aktivitet (Ommundsen og Aadland, 2009).

Vi kan rekne med at Surnadal kommune er samanliknbar med resten av landet i desse undersøkingane. Folkehelsebarometeret for Surnadal kommune i 2018 viser i alle fall at kommunen ikkje er eintydig forskjellig frå landsnivået. Dette kan vi sjå på kva ungdomsskuleelevane har svara i Ungdata 2017 på spørsmål om dei er medlem av ein fritidsorganisasjon og i kva grad dei er fysisk aktive (fysisk aktiv -sveitt og andpusten - mindre enn ein gong i veka). Med bakgrunn i dette skulle det vere eit stort potensial for å auke aktiviteten i befolkninga. Det er som undersøkingane nemnt ovanfor viser, ein stor del personar som ønsker å ta til med regelmessig mosjon. Viss vi lukkast med å aktivisere denne gruppa, kan dette gi ein stor helsegevinst (stor kost/nytte verdi) for befolkninga i Surnadal kommune.

Forskinga viser at aktivitetsnivået varierer gjennom livsløpet (Breivik m.fl., 2011). Det er òg påvist at inaktivitet har samanheng med sosiokulturelle og sosioøkonomiske faktorar. Folkehelseprofilen 2018 viser at delen barn (0-17 år) som bur i hushaldningar med låg inntekt er lågare enn i landet som heilheit. Låg inntekt blir her definert som under 60% av nasjonal medianinntekt.

Delen av befolkninga i Surnadal kommune med annan etnisk bakgrunn er aukande, og utgjer no 5,6% av befolkninga, d.v.s. 338 personar. Det er viktig med kunnskap om kven som er potensielt aktive innanfor denne gruppa og korleis vi når dei.

Det blir oppgitt at mangel på tid er hovudårsaka til at vi ikkje er meir fysisk aktive (Ommundsen og Aadland, 2009). Mangel på informasjon og sosialt nettverk i aktivitetstiljøa er også store barrierar uavhengig av befolkningsgrupper. Når det gjeld motivasjon, er overskot den viktigaste faktoren for å vere fysisk aktiv (Ommundsen og Aadland, 2009, Breivik m.fl., 2011).

8.3 Aktivitetsarenaer

Det er mange aktivitetsarenaer i alle kommunen sine fem skulekretsar. Tilgjengelegheit til arenaer i nærmiljøet har påverknad på aktivitetsnivået. Småbarn har ein aksjonsradius på ca. 50 m, ungdom 1000 m, eldre 3000 m og barn i følgje med vaksne 400 m (Departementene, 2005) For å bidra med auka aktivitet er det behov for trygge åtkomstar og samanhengande gangforbindelsar som gjer alternativa til bil meir attraktive.

Idrettshallar og gymsalar er dei anlegga barn og unge nyttar mest (Breivik m.fl., 2011). Dekningsgraden for store idrettsanlegg per innbyggjar i Surnadal kommune er god, men det er ønske om enkelte særlegg. Når det gjeld vaksne og eldre, er det turstiar som blir mest nytta. Tilrettelegging av friluftsliv nær sentrum har god effekt på folkehelse og positiv verkand

på klima og miljø. Det blir arbeidd med å få innbyggjarane til å bruke fritida i marka der dei bur og å legge til rette for fysisk samanheng mellom bustadområda og natur. Skilting og marknadsføring av eksisterande fritidstilbod bidreg til at fleire blir inspirert til aktivitet.

Når vi er inne på klima og miljø, så er det lett å sjå at det er ein miljøgevinst med tanke på at det er gangavstand til turområde, samstundes må vi legge til rette for friluftaktiviteter på ein mest muleg skånsam måte for naturen mangfaldet der. Av og til vil tilrettelegging kollidere med naturvern. I slike tilfelle må ein konsekvensvurdere tiltaket, noko som naturleg vil ligge til behandling av byggesak (i dei tilfelle tiltak krev ei slik behandling), men det er nok fornuftig at miljøkonsulenten blir teke med tidleg i prosessane slik at ein kan finne alternative løysingar.

Det er òg viktig med gode turveggar på vinterstid. Vegen opp i Skeismarka er eit godt døme på ein populær turveg om vinteren. Det er mange fleire som går på vegen enn som nyttar vegen til å kome seg ut i skiterrenget. Friluftslivet er blitt meir mangfaldig og omfattar alt frå det tradisjonelle friluftslivet til det moderne og ekstreme friluftslivet. Her i kommunen ser vi det tydeleg vinterstid med alle lokal besøkande som kjem hit for å drive med randoneekøyring. Trenden tyder på at vi bruker aktivitetsformer til å bygge identitet, og at vi i mykje større grad er individualistar og nyttar oss av ulike aktivitetsformer i kortare periodar.

8.4 Langsiktige og kortsiktige behov oppsummert

Med tanke på barn og unge sin aksjonsradius er det viktig å få på plass aktivitetsarenaer i nærmiljøa, ein bør sjå vidare enn berre ballbingar og gapahukar. Parkour-anlegg er noko som har hatt ein stor framvekst i Norge i den siste tida. Dette, frisbeegolf, skateing og andre fengande aktivitetar er noko vi bør legge til rette for i nærmiljøanlegga.

I nedre Surnadal er det planar om ein aktivitetspark i Svartvassområdet, denne blir liggande i sentrumsområdet som per i dag ikkje har noko aktivitetsanlegg.

Eit anna viktig punkt er universell utforming. Både når ein bygger ordinære anlegg, klubbhus og nærmiljøanlegg er dette eit krav. Med tanke på aksjonsradius, så er det difor særdeles viktig å få på plass aktivitetsarenaer der det er mulig for alle å trene. Det betyr at det òg må inn kvile(pause)-benkar på nærturar, t.d i ei kulturløype frå Bårdshaugen, og seniorbustadane der, og rundt om på Skei.

Det er meldt inn fleire ønskjer om klubbhus i denne planen, dette er eit behov som ligg langt framme, fleire av laga våre har for dårlege, eller manglar heilt slike fasilitetar.

Det kom fram under folkemøtet at det er sprengt kapasitet på idrettshallen, dette er noko administrasjonen ser også, når det er tildeling av treningstider kvart år. Hallen blir bruka til handball, fotball og mange andre aktivitetar. Det vart i førre planperiode bygd ein interkommunal fotballhall i Rindal. Den har ikkje ført til mindre press på vår eigen idrettshall, da mange kvir seg for å kjøre dei minste ungane til Rindal på kveldstid. I tillegg melder Surnadal idrettslag om at det er ein såpass høg leigesats at dei ikkje prioriterer å bruke hallen i Rindal så mykje. Når ein veit at fotballgruppa til Surnadal IL har auka med 100 personar dei siste åra, til tross for nedgang i barnetalet – utgjør dette ein situasjon som gjer det tilrådeleg å byggje ein fotballhall for aldersbestemte klassar på Øyeområde.

Det skal byggast ny skule på Øyeområde, der er per dato ikkje varsla inn behov for spesialrom/hallar i samband med den utbygginga. Dette prosjektet vil bli lagt inn i uprioritert del, slik at det eventuelt kan løftast om det kjem eit ønske om basishall eller liknande.

Eitt av punkta som kom fram under handlingsprogram delen av folkemøtet var eit ønske om parkering ved turmåla våre. Dette er eit tiltak som ein ikkje kan søkje spelemidlar på. Ein kan søkje støtte til parkeringsplassar om området er nasjonalt sikra. I Sunndal kommune har dei eit

prosjekt på nasjonal sikring for å få på plass gode tilrettelagte parkeringsplassar med sanitæranlegg. Dette er eit område vi i Surnadal òg bør sjå nærare på.

9 Handlingsprogram

9.1 Tabell: ordinære anlegg i prioritert rekkefølge

Prioritet	Anlegg/ tilrettelegging	Stad	Kostn. i 1000 kr	Anleggsstart – finansiering									
				Km = kommunale midlar Sm = Spelemidlar									
				2018		2019		2020		2021			
Km	Sm	Km	Sm	Km	Sm	Km	Sm						
1	Surnadal alpinanlegg:	Sæterfla Nedre Surnadal											
	Snøproduksjon (Surnadal alpineigedom)		21 000		4 967								
	Tidtakarbu/ skutergarasje (Surnadal IL)		908	300	303								
	Varmestue (Surnadal alpineigedom)		5 000			500	1 000	500					
	Nye traséar (Surnadal alpineigedom)		3 000						1 000	500			
	Sykkelprosjekt(Surnadal alpineigedom)		3 000										1 000
2	Friluftsliv i Surnadal:												
	Kultursti/kavlveg (Surnadal kommune)	Eidet	1 000			350	350						
	Skileikområde (IL Søya)	Vang	300				100	100					
	Tursti langs Toåa med universellt utforma fiskeplass (Todalen IL)	Todalen	500				167	100					
	Stisystem – arboret (Surnadal kommune)	Svinvik	500								167	167	
	Tursti Surna (Surnadal kommune)	Grimsmo/Øye	3 000						1 000	1 000			
	Skilting/merking	Heile kommunen											
	Universalt utforma fiskeplassar												
	Andre aktuelle turstiar												
3	Fotballhall (Surnadal IL)	Øye	25 000				5 000						
4	Båt til dykkarklubben (Surnadal IL)	Surnadal hamn	1 000				300						
5	Klubbhus (Surnadal Golfklubb)	Mo/Kvanne	3 000								150	1 000	
6	Klubbhus; (Surnadal Motocrossklubb)	Mo/kvanne	3 000					150	1 000				
7	Klubbhus/varmestue (Surnadal Jeger- og fiskerforening)	Angråmyra	480				160						
8	Sanitæranlegg Tjønmyra (Todalen IL)	Todalen	500				167						
9	Elektronikk skytebane (Ø. Surnadal skytterlag)	Øvre Surnadal	500				167						
10	Buldrerom/klattring (Trollheimen Klivaralg)	Nedre Surnadal	1 000					150	335				
11	Skatepark/Aktivitetspark (Surnadal kommune)	Svartvatnet	7 000			500	1 000	500	1 000	500	1 000		
12	Oppgradering Idrettshall (Surnadal kommune)	Øye	3 000			1 000	1 000						
13	Klubbhus (Bæverdalen skytterlag)	Bøverfjorden	3 000						1 000	150			
			85 688	300	5 270	2 350	9 351	1 500	5 335	2 467	3 167		

Totale utbyggingskostnadar i perioden: 85 688 000 kr

Planlagde spelemidlar i perioden totalt: 20 850 000 kr

Kommunale midlar i perioden, minimum: 6 617 000 kr

- Planlagde utbyggingskostnadar i førre plan var på 68 550 000 (men både alpinanlegg og fotballhall ligg inne i den summen)
- Klubbhuskostnad, utrekna med omlag 100 m² * 30 000 kr (per m²)

Ein gjer merksam på at denne tabellen ikkje fungerer som vedteke tildeling – kvart spelemiddel-prosjekt må søkje kommunen om tilskot i eiga sak.

9.2 Tabell: Nærmiljøanlegg

Kven	Nærmiljøanlegg	Søknadssum	Byggestart/ferdig
Stangvik grendelag	Svissholmen	300	2016/2016
Surnadal IL	Freesbeegolfbane		
Todalen IL	Oppgadering/vedlikehold Borholmen		
Bæverhall	Gapahuk, ball/leikeplass		
IL Søya/skigruppa	Skileikområde/gapahuk på Vang		

9.3 Tabell: fysisk aktivitet

Område	Strategi/tiltak
Informasjon	<p>Aktuell informasjon og linkar om aktivitet og anlegg er tilgjengeleg på nett.</p> <p>Utvikle ein app, med fokus på alt av friluftsliv i Surnadal kommune.</p>
Barn og unge	<p>Barehagar og skolar skal ha god tilgang til naturområde</p> <p>Skolegardar skal utviklast til nærmiljøparker og vi skal legge til rette for at skular, lag og andre er merksame på mulegheitene innanfor spelemiddelordninga for å skape fleire nærmiljøanlegg. Dette er viktig for å få til ein aktiv livsstil for så mange som muleg</p> <p>Elevane skal motiverast til fysisk aktivitet</p> <p>Gjennom eit aktiv ungdomsråd, lære ungdom å ta ansvar for å oppretthalde sin eigen aktivitet og styrke barn og unge sin identitet, medverknad og innflytelse i samfunnet</p> <p>Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge:</p> <p>skøyteis, akebakkar, snøskutertrasé, ballspelplassar, hestesport, alpinbakke, m.m.</p> <p>Fokusområde; uorganisert ungdom - arenaer for jenter.</p> <p>Sikre lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar.</p>
Friluftsliv	<p>Sikre god tilgang til friluftsliv arenaer</p> <p>Fortsette «Stikk UT!»-satsinga og utvikle fleire aktivitetstiltak saman med Friluftsrådet</p> <p>Fokus på tilgjengelegheit for alle i friluftsområder (tilrettelegging for rørslehemma)</p> <p>Fokus på merking av turstiar i nærområda</p> <p>Vi må auke forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og godt kosthald i det helsefremjande arbeidet, ikkje minst blant dei eldre. Oppretthalde og vidareutvikle eit aktivt kulturliv, gjennom mellom anna å synleggjere og styrke samhandlinga mellom frivillig sektor og kommunen.</p> <p>Ha forutseielege verkemiddel som tilskotsordningar og rettleiing ved søking av midlar utom kommunen.</p> <p>Det må utviklast ein meir offensiv og medviten frivilligpolitikk, der samspelet mellom kommunal sektor, næringslivet og frivillige organisasjonar er sett i fokus</p>
Helse	<p>Arbeide for å auke førestillinga i og utanfor kommunen om den økonomiske og helsemessige betydninga av å drive helsefremjande og førebyggjande arbeid</p>
Idrett	<p>Sikre ei breidde på anleggsmassen som er tilpassa barn, unge og vaksne sine behov for aktivitet</p> <p>Utvikle gode vilkår for å utøve idrett</p>

9.4 Tabell: kulturbygg


Kulturbygg	Kvar	Kva	Når
Utandørs-scene	Kleiva	Scene/teknisk/publikumsarena	2018
Myrvang forsamlingshus	Kvanne	Storvøling	2018
Surnadal husflidslag	Nymoen	Universelt utforma toalett	2018
Sagatun	Øvre Surnadal		
Todalen sanitetshus	Todalen		
Idrettshuset	Todalen		
Bondehuset	Stangvik		
Bæverhall	Bøverdalen		
Bøfjorden grendehus	Bøfjorden		

10 Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg

Kven	Kva
Surnadal kommune	Spesialhallar i samband med ny skule på Øye
Trollheimen Klivarlag	Klatrepark
IL Søya	Renovere/innvendig oppussing klubbhuset på Vang
Nordmarka idrettssenter	Heilårs universelt utforma stisystem og fiskebrygger, tilrettelegging for dei med nedsett funksjonsevne og utviding av lysløype ved Nordmarka skisenter
Surnadal kommune	Rehabsti Bårdshaugen
ØSIL/SIL	Hoppbakke Sagatun
Surnadal kommune	Langhuskopi KulTursti Skei
Øvre Surnadal IL	Bru og tursti


11 Kart

11.1 Totaloversikt



- | | |
|--|--|
| <ol style="list-style-type: none">1. Ballbane på Svissholmen, Stangvik - Stangvik grendelag2. Surnadal Alpinanlegg, Sæterlia<ol style="list-style-type: none">a. Lager/garasje/tidtakarbu, l - Surnadal Idrettslagb. Midttrasé,- Surnadal Alpineiendomc. Parkområde,- Surnadal Alpineiendomd. Snøproduksjonsanlegg,- Surnadal Alpineiendome. Driftsbygning snøproduksjonsanlegg,- Surnadal Alpineiendomf. Høgre trasé, - Surnadal Alpineiendom3. Garderobe, Angråmyra skytebane, Eidet - Surnadal skytterlag4. Nytt lysanlegg Syltøran kunstgras, Surnadal - Surnadal Idrettslag5. Tursti og tråkkemaskin trasé, Vang - Strengen, Kvanne - Idrettslaget Søya6. Øye Stadion, Surnadal - Surnadal kommune7. Ballbinge, Bøfjorden . Bøfjorden Idrettslag8. Trollheimen rideanlegg (regionalt anlegg), Surnadal - Trollheimen ride og kjørelag9. Smørehall, Nordmarka Skisenter - Surnadal Idrettslag | <ol style="list-style-type: none">10. Støydemping standplass, Bøverfjorden - Bæverdalen skytterlag11. Utviding/sikring av bane, Kvanne - Surnadal kommune12. Turar i Bøfjorden - friluftsliv, Bøfjorden Idrettslag13. Tjønnyran turloype/skileik, Todalen - Todalen Idrettslag14. Kunstgrasbane, Kvanne - Idrettslaget Søya15. Uthus på Vaulen, Nordmarka - Surnadal kommune16. Aktivitetsanlegg, Surnadal ungdomsskole - Surnadal kommune17. Ballbinge Midtiggrenda, Surnadal - Surnadal kommune18. Aktivitetsanlegg, Bøverfjorden oppvekstsenter - Surnadal kommune19. Svømmehall, Surnadal - Surnadal kommune20. Surnadal golfpark, Kvanne - Surnadal golfklubb21. Ballbinge Todalen oppvekstsenter - Surnadal kommune22. Skoleanlegg, Mo oppvekstsenter - Surnadal kommune23. Surnadal Idrettshall, Surnadal - Surnadal kommune |
|--|--|

11.2 Nedre Surnadal



Kart som viser kvar anlegga i Nedre Surnadal ligg; Syltøran – fotball, Sæterlia – alpint, Midtigrenda – ballbinge, Nymoen – rideanlegg, Øyeområde; svømmehall, idrettshall nærmiljøanlegg, friidrett og fotball, Angråmyra – skyteanlegg.

11.3 Øvre Surnadal




Kart som vise Øvre Surnadal;
Nærmiljøanlegg på oppvekstsenteret, med ei stor ballslette (ikkje kunstgras).
Skytebane
Hoppbakke

11.4 Bøfjorden



Kart som viser kvar anlegga i Bøfjorden; den gamle skulen/barnehagen - nærmiljøanlegg med ny kunstgrasbane, Grendahuset; - fotballbane og skyteanlegg, mange godt merka løyper i naturen på begge sider av fjorden og opp mot Hjelmområdet (sommar og vinter)

11.5 Bøverfjorden



Kart som viser kvar anlegga i Bøverfjorden ligg, samt Nordmarka skisenter. Bøfjorden og Bøverfjord oppvekstsenter – nærmiljøanlegg og kunstgrasslette. Bøverfjord stadion – fotballbane. Det er mange merka turløyper i området. Nordmarka skisenter – eit godt utbygd skianlegg, det blir kjørt opp løyper i lysløypa og utover mot fjorden og på andre sida av hovudvegen til Løålikjølen. Lengre aust på Nordmarka finn vi fjellgarden Vaulen som ligg i eit nasjonalt sikra friluftsområde. På andre sida av Bøverdalen har KNT lagt Fjodruta med sine overnattingshytter og merka stiar.

11.7 Stangvik/Kvanne



Kart som viser Stangvik/Kvanne. Svisssholmen - er eit nasjonalt sikra friluftsområde opparbeidd som eit nærmiljøanlegg med fotballslette (kunstgras), i tillegg til badestrand og område for sosiale møter. I Stangvik har dei mange flotte turområde, med mellom anna Bøskesbogen og Den trondhjemske postveg som går til Vang skisenter på Kvanne – opparbeidde turløyper for vinter og sommarbruk. På Mo ligg Surnadal golfklubb sitt område med en 9- hols golfbane og like nedanfor er det en motocrossbane. På andre sida av elva ligg det fotballanlegg med ei kustgrasslette. Det er òg anlagt kunstgrasbane på Stangvik skule samt eit opparbeidd nærmiljøanlegg.

11.8 Todalen



Kart som viser Todalen; Det er nærmiljøanlegg med ballbinge, og skileik og lysløyper på Tjønmyra. Også her er det mange turstiar i tillegg til Kårvatn som er ein av portane til Trollheimen og som på vinterstid er eit ynda randoneeområde.